

# Biblioteka i Sunnfjord kommune på nett

[bibliotek@sunnfjord.kommune.no](http://bibliotek@sunnfjord.kommune.no)

Nasjonalt lånekort gir deg tilgang til gratis tenester på nett.

Korleis bli nasjonal lånar?



Du kan registrere deg som nasjonal lånar sjølv ved å gå inn på [nb.bib.no](http://nb.bib.no), eller du kan kome innom ditt lokale bibliotek og få hjelp av oss.



## Søke i biblioteket si samling

via nettsida vår [sunnfjord.bib.no](http://sunnfjord.bib.no)


via appen [Bibliofil](http://Bibliofil)



Her kan du:

- sjå kva biblioteket har tilgjengeleg i hylla
- bestille/halde av og hente hos ditt nærmaste bibliotek
- sjå kva du har lånt/ bestilt og fornye lån.

Finn du ikkje det du leitar etter hos oss? Prøv [Biblioteksøk](http://Biblioteksøk) (bibsok.no)



Logg inn med nasjonalt lånennummer og pinkode, bestill og vel hentebibliotek.

## Lese og lytte på nettbrett eller mobil

### Bookbites – e-bøker og lydbøker



Appen “[Bookbites Bibliotek](#)” kan nyttast på nettbrett og telefonar som har operativsystema Android eller iOS (Apple).


Slik fungerer det:

1. Last ned appen Bookbites fra Google Play eller App Store.  
Opprett ein brukar og vel eit passord. Du kan registrere deg anten gjennom Facebook, Google eller e-postadresse.
2. Logg deg inn med lånernummer og PIN-kode.  
Du får no opp alle bibliotek du er knytta til. Vel f.eks. Sunnfjord som ditt hovudbibliotek.

Du har no tilgang til e-bøker og lydbøker på BookBites.

[Informasjon og tips om korleis ein skal bruke appen.](#)

### Pressreader – aviser og tidsskrift



Appen **Pressreader** gir deg tilgang til over 7000 aviser og tidsskrift frå heile verda, til dømes Aftenposten, Dagbladet, Dagsavisen, Stavanger Aftenblad, Fædrelandsvennen og Bergens Tidende.


Korleis brukar eg tenesta?

1. Last ned appen pressreader fra Google Play eller App Store.
2. Kople deg på nettverket på biblioteket.

No har du full tilgang til PressReader i 7 dagar – du må altså innom biblioteket kvar 7. dag for å få oppdatert tilgangen. Pga. korona er denne tilgangen mellombels utvida til 60 dagar om gongen.

På pc går ein inn på [Pressreader.com](https://www.pressreader.com) medan ein er på biblioteket sitt nettverk.

[Nb.no](http://Nb.no) - Nasjonalbiblioteket sin portal for digitalt materiale



Her ligg det mellom anna godt over 200 000 norske bøker utgitt før år 2001. Desse kan du lese både på pc og mobil/nettbrett, så lenge du har internetttilgang og norsk IP-adresse. I Nettbiblioteket kan du og søke i aviser, kart, bilete og tidsskrift.

[Filmbib.no](http://Filmbib.no) – kort- og dokumentarfilmer



Slik gjer du det:

1. Gå inn på [Filmbib.no](http://Filmbib.no)
2. Logg inn med lånenummer og PIN-kode og sjå filmene på pc, smarttelefon eller nettbrett.

[FilmBib](http://FilmBib) fins og som app som du kan laste ned frå App Store eller Google Play. Innlogging med lånenummer og pinkode.

**Biblioteka i Sunnfjord kommune – Følg oss på Facebook**

[Førde bibliotek](#)

Viksdalen bibliotek

Vassenden bibliotek

Naustdal bibliotek

Sande bibliotek

Skei bibliotek